



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Hyllestad sokn**

# ÅRSRAPPORT 2015



**HYLLESTAD SOKN**

Hyllestad kommune har eitt sokn med eitt sokneråd som har ansvar for både soknerådssaker og fellelrådssaker, ansvar etter både §9 og §14 i kyrkjelova.

§ 9; Kyrkjeleg verksemd, gudstenser, vigslar og gravferder.

§ 14; Økonomi, administrasjon, personale, tre kyrkjer og eitt kapell, tre kyrkjegarder.

Årsrapporten er eit samarbeidsprosjekt av kyrkjevevje, sokneprest, trusopplærar, sekretær og soknerådsleiar. Alle har gitt viktige bidrag om den gode kyrkjelege aktiviteten i Hyllestad sokn.

#### Hyllestad sokneråd t.o.m.30.11.2015:

Jostein Ryland (leiar), Marit Haugen Gjervik (nestleiar), Marion Brendehaug, Anniken Mjell Færestad Eva Mette Olsen Høie og Liv Kristine Solheim

Varamedlemer: 1 Rune Risnes, 2. Paul Skivenesvåg, 3. Eirik Irgens Kofoed og 4. Joakim Systaddal.

#### Hyllestad sokneråd f.o.m.1.11.2015:

Jostein Ryland (leiar), Liv Kristine Solheim (nestleiar), Marion Brendehaug, Brit Inger Skaar, Unni Systaddal og Steinar Urnes.

Varamedlem: 1. Odd Takle, 2. Reidun Skår, 3. Joakim Systaddal, 4. Rune Risnes, 5.Olaug Brendsdal

Geistleg representant: Ole Agnar Helland 1. halvår og Audun Systad 2. halvår. Personleg vara: prost Reidar Knapstad .

Kommunal representant: til ut september: Gro Sissel Dale. Personleg vara: Kristin Malene Lund  
frå oktober: Rune Risnes. Personleg vara: Eva Mette Olsen Høie

Når soknerådet handsamer saker som i «kommuner med flere sokn tillegger kirkelig fellelråd» skal det møte ein representant frå kommunen. Jfr KL § 6, 2. ledd.

1. vara er alltid innkalla til møte og har møtt fast.

#### Kyrkjeval 14. september. Val til Hyllestad sokneråd og Bjørgvin bispedømeråd/Kyrkjemøtet..

Soknerådsvalet vart avvikla på kyrkjekontoret i kommunehuset.. 205 var innom og røysta noko som gav ein oppslutnad på 20 %. 11 stk. av dei var under 18 år, og det er gledeleg høgt.

Vallista hadde 11 namn. Hyllestad sokneråd har 6 faste medlemer og 5 varamedlemer.

#### Soknemøte og andre opne møte og samlingar

Årsmøte for kyrkjelyden var i forlenging av kvardagsgudstenesta torsdagskvelden 16. april.

Soknerådet har i fleire år invitert til Påskemåltid i Hyllestad kyrkje på Skjærtorsdag kveld. Dessverre har oppslutnaden gått ein del ned, og i år var berre 17 stk. som delte påskemåltidet.

Siste helga i mai arrangerte soknerådet BaseCamp leir for ungdom på Hyllestad. Eit populært tiltak som samla mange flotte ungdomar.

Kyrkjelydsbasaren, som er blitt godt innarbeidd, var 4. oktober og gav brutto kr. 48 191 – nettoinntektene gjekk til barne og ungdomsarbeidet.

Julekonserten, som er eit samarbeidsprosjekt mellom Hyllestad musikkråd og sokneråde t, samla 200 stk. i Hyllestad kyrkje.

Koret «Balsam» tok initiativ til og laga til juletreffest i romjula.

#### Tilsette

Kyrkjeadministrasjonen var redusert med 10% stillingsressurs som eit tiltak for innsparing .

Kyrkjeadministrasjon: 0,65 årsverk

Kyrkjevevje 25%, Irene Fløde –innleidd frå Fjaler med hovudansvar for økonomi og sekretær 42%, Aslak Åm Sognnes (inkl. 2% klokkar).

Kyrkjer: 0,74 årsverk: Kyrkjetenar 40%, Gunvor Instefjord og organist 34%, Erling Akse.

Trusopplæring, interkommunalt samarbeid: 1,0 årsverk: kyrkjelydspedagog 100%, Toril Lange.

Hyllestad sokneråd har arbeidsgjevaransvaret.. Toril Lange arbeider 25% hos Hyllestad sokneråd, 50% hos Høyanger kyrkjelege fellestråd og 25% hos Det Norske Misjonsselskap – NMS. Hyllestad si finansiering er statstilskot og restfinansiering med innsamla midlar.

Diakonressursen på 25%, som Hyllestad hadde i samarbeid med sokna i Høyanger og Solund sokn, vart avslutta i februar 2015, då diakon Terje Elvestad slutta i stillinga. Høyanger kyrkjelege fellestråd hadde arbeidsgjevaransvaret . Etter at diakonen slutta trekte Hyllestad sokneråd seg frå samarbeidet på grunn av at vi ikkje hadde økonomiske midlar til å innfri vidare forpliktingar. Stillinga vart difor ikkje lyst ut att. Prosjektperioden skulle ha vart til 31.12.2015.

### Sokneprest

Soknepresten er tilsett av Bjørgvin bispedømeråd.

Sokneprest Ole Agnar Helland hadde 100 % stilling og slutta i juni 2015, etter seks års teneste i Hyllestad sokn. Ole Agnar spelte på fleire «strengar», han var både ein god forkynnar / formidlar og god på orgel / flygel.



I byrjinga av august var den nye soknepresten, Audun Systad, på plass, men då i 60 % stilling. Hyllestad sokn mista 40 % presteressurs ved sokneprestskiftet, då vår nye sokneprest også er tilsett som sokneprest i Brekke i Gulen sokn (Nordhordland prosti). Men sjølv om vi i Hyllestad sokn fekk redusert presteressursen har vi vår eigen sokneprest, noko som ikkje utan vidare var sjølv sagt då Ole Agnar Helland slutta.

### Samling med råd og tilsette

Kl § 9, 5. ledd: «Menighetsrådet innbyr minst en gang i året de tilsette i soknet til å ta del i rådets drøftinger om menighetsforholdene og de oppgaver som foreligger.»

10. november hadde vi ei samling i Hyllestad kyrkje der medlemmer i det gamle og nye soknerådet og dei tilsette møttest og samtala om arbeidet i kyrkjelydane med mest vekt på soknerådssaker. Tilsette orienterte om sitt arbeid både frå administrasjonen, trusopplærar, organist og kyrkjetenar. Vi var innom tema: barn og unge, trusopplæring, diakoni, misjon, gjevarteneste, kyrkjebladet, kommunikasjon via heimeside og Facebook m.m.

### Kyrkjekontoret

Kyrkjeadministrasjonen og soknepresten har gode kontor på kommunehuset, men dessverre er lokala altfor lite lydtette, slik at det er vanskeleg for soknepresten å ha fortrulege samtalar på kontoret sitt. Dette vart teke opp i samtale med kommunen då prosten var på vitjing i samband med skifte av sokneprest. Vi vart førespegla mogleg isolering i samband med isolering av kommunale kontor, men det er framleis på vent.

### Soknerådsmøte - saker

Soknerådet hadde seks møter og handsama 59 saker.

Kommunal representant har møtt på eitt møte dette året. Det var etter at det vart valt ny kommunal representant etter kommunevalet.

### Av sakene rådet handsama nemner vi her nokre av dei:

Revisjon av kyrkjegardsvedtektene, prisjustering av nokre av tenestene, endring av fond i rekneskapen, *Vegval for framtidig kyrkjeordning*- høyring frå Kyrkjerådet, julekonsert (annakvart år i Hyllestad- og Øn kyrkje), gudstenesteplan og offertildeling, gudstenesteliturgi, Bibelen til alle (soknerådet ønskjer markere Det Norske Bibelselskap sitt 200-årsjubileum i 2016 på andre måtar

enn å dele ut ein bibel til alle husstandane.) soknerådsvil, innkjøp av instrument til Hyllestad kyrkje, etablering av ungdomsklubb m.fleire. Budsjett og rekneskapsaker er årlege saker.

Ei prioritert sak var å få orden på økonomien og å synleggjere over for kommunen kva storleik driftstilskotet må ha for ei minimum kyrkjeleg drift i Hyllestad sokn.

Ei sak som skapte ein del støy, også i media, var montering av flaggstang – flaggstenger ved Øn kyrkje. Dette etter at det ved kyrkja kom opp ei lang flaggstang etter at soknerådet, i samsvar med soknerådsvedtak, hadde montert to korte flaggstenger på portstolpane. Dei som sette opp den lange flaggstanga hadde søkt og fått avslag på montering. Flaggsaka enda med at soknerådet vedtok at flaggstanga får stå så lenge det vert flagga av bygdefolket på kyrkjelege høgtidsdagar når det ikkje er arrangement i kyrkja.

## LIVSRITER

	2012	2013	2014	2015
Dåp	11	9	11	14
Dåp - busette i Hyllestad	11	9	10	8
Konfirmant	19	21	20	18
Vigsel	0	1	1	3
Gravferd	22	17	19	16

Tala syner stabilitet – lite variasjon dei siste fire åra

## Barne – og ungdomsarbeid

Det er mykje spennande som skjer i det viktige arbeidet med å legge til rette for og gi hjelp til at born og unge skal få leva og veksa i den kristne trua. Soknet har godkjent trusopplæringsplan frå 16.01. 2013 som ein delvis gjennomfører. Mange av trusopplæringstiltaka er knytt opp mot gudsteneste.



## Følgjande trusopplæringstiltak frå planen er gjennomført i 2015

**4-årssamling** og hausttakkefest med utdeling av Mi kyrkjebok 4. 7 deltakarar av 7 inviterte

**5-årssamling** med kyrkjerottefilm og lego; 3 samlingar og diplomutdeling på familiegudsteneste i november 5 deltakar (av 7) var med på 1 eller fleire samlingar

«**Førsteklasses**» - samling ein kvardag, og familiegudsteneste med utdeling av Mi kyrkjebok 6 ; 6 deltakar (av 7)

**Barnegudsteneste** var eit nytt tiltak i 2015. Alle som var invitert til 4. 5. eller førsteklasses-samling hausten 2014, vart i januar invitert til barnegudsteneste ein kvardagsettermiddag. Gudsteneste varte 30-40 min og borna fekk oppgåver undervegs. Etterpå åt ein kvelds i lag. 3 av dei inviterte kom, i tillegg kom 5 søsken og nokre foreldre, besteforeldre. Arrangementet kolliderte med barnetrimmen.

**Tårnagenthelg** m/tårnagentgudsteneste for 8 og 9 åringer. For første gong vart 2 årskull invitert. 8 av 17 kom. Mange foreldre bidrog på ulike måter og var med å gjere helga til ei god oppleving. Takk.

**Bibelutdeling** på gudsteneste i samband med oppstart av minikonfirmantar. 8 biblar vart utdelt på gudstenesta, dessutan 1 på minikonfirmantsamling.

**Minikonfirmant**opplegget for 10/11-åringar(5. klasse) er: gudsteneste m/bibelutdeling, 4 samlingar i Hyllestad kyrkje rett etter skuletid onsdag. Dette året klarte vi ikkje å få til weekend på Alværa. I staden var det eit tilbod om ei samling på Gåsvær. Ingen frå Hyllestad var med på den. Det var 8 minikonfirmantar av eit kull på 11.

**LysVaken** hausten 2015 vart avlyst. Målgruppa var dei som var minikonfirmantar vinteren 2015; altså 6. klasse. Det var vanskeleg å finne vaksenleiar i tillegg til kyrkjelydspedagog. Dessutan var det usikkert kor mange som ville delta. Dei vil i staden få tilbod om å vere med på LysVaken hausten 2016, saman med dei som er eit år yngre.

### **Konfirmasjonsundervisning**

Etter at alle tre konfirmasjonsgudstenestene i 2014 var i Hyllestad kyrkje, var det dette året tilbake til gamal ordning med konfirmasjonsgudsteneste i alle tre kyrkjene.

Det er framleis god oppslutning om kyrkjeleg konfirmasjon i Hyllestad. For underteikna (soknepresten) er det ei fin oppleving å bli ein del av konfirmantteamet i Hyllestad kyrkje, der både konfirmantar i Hyllestad og Lavik deltek. Hausten 2015 starta i alt 25 konfirmantar undervisning, av dei, 18 frå Hyllestad. I tillegg til sokneprest i Hyllestad, er sokneprest i Lavik, Andreas Ester, trusopplærar Toril Lange og dei to frivillige medarbeidarane frå Hyllestad, Kirsten Gravdal Ryland og Linda Ølmheim, med. Det at ein er eit såpass stort konfirmantteam, gjer at det ikkje er fullt så sårbart om nokon av og til ikkje har høve å vere med. Det at ein kan spele på dei ulike gåvene den einskilde leiar har, er og viktig.

Konfirmantarbeid kan vere utfordrande, men me som leiarar får også mykje tilbake frå engasjerte og positive ungdommar som gjev uttrykk for at dei trivst i kyrkjerommet i Hyllestad kyrkje. Foreldre og føresette gjev også positive tilbakemeldingar på det konfirmantane bidreg med på gudstenester og i andre samanhengar. Undervisninga følgjer ein mal med opning kring lysgloben, undervisning i grupper. Det er og ulike aktivitetar med song, dans og drama. I tillegg kjem heimesamlingar, nattcup og leir på Alværa som det ikkje minst, er gode tilbakemeldingar på.

### **I tillegg til tiltaka i trusopplæringsplanen, har born og unge desse tilboda:**

5.-7. klasseklubben hadde nokre få samlingar i løpet av vinteren, men tok pause inntil vidare frå hausten 2015 pga manglande oppslutning. Dei siste åra vart det vanskelegare å finne eit godt tidspunkt for klubbsamlingane.

### **Ungdomklubben «Solution»**

Hausten 2015 starta Ungdomklubben «Solution» opp. Det er samling om lag annankvar fredag i Hyllestad kyrkje. Målgruppa er primært 13-18 år, men klubben er open for ungdom i alle aldrar. Ungdomklubben er starta på oppfordring av ungdomane i Hyllestad etter BaceCamp helga i mai. Ungdomar frå Askøy ved Bergen har vore med og hjulpet til med oppstartinga. Programmet på ungdomklubben er variert med leik, song, andakt og mat. Primus motor er soknerådsleiar Jostein Ryland og kona Kirsten Ryland.



**BaceCamp** vart i mai arrangert for andre gang. Ein gjeng flott ungdom frå Askøy kom og var saman med lokal ungdom frå Hyllestad og hadde ei veldig kjekk helg saman med samlingar både i Hyllestad kyrkje og i kvernsteinparken.

Hyllestad kyrkje er ein god stad å ha samlingar. Born, unge og foreldre trivst godt der og dei føler seg heime i kyrkja. Multimediaanlegget lettar arbeidet mykje. Kyrkja er god til mange ulike aktivitetar. Her kan vi ete, sove, leike, sjå film, be og ha gudsteneste.

Fleire av tiltaka som skulle starte opp dei siste åra, er sett på vent; litt pga leiarmangel, men også fordi ein i løpet av desse åra har gjort erfaringar som gjer at ein kanskje bør omorganisere og justere planen noko.

I kyrkjelyden er det nokre eldsjeler med omsyn til trusopplæring – ei stor takk til dei. I tillegg er det mange positive og viljuge foreldre som stiller opp på einskildtiltak når borna deira er med.

Ein del konfirantar er med som ungdomsleiarar på nokre av trusopplæringstiltaka. Dei gjer ein flott jobb! Men det meste er avhengig av kyrkjelydspedagog og/eller prest. I haust har vi merka at ein no har prest i berre 60% stilling. Presten kan difor ikkje vere med på trusopplæringstiltak på same måten som før og det er difor enda meir naudsynt med fleire medarbeidarar.

### **Vegen vidare:**

Soknerådet er i ferd med å opprette eit trusopplæringsutval. Utvalet vil vere sentral med tanke på å justere planen. Spørsmål ein må ta stilling til er: Kan noko slåast saman då barnetalet minkar, er tiltak for vanskeleg å gjennomføre, kva kan i tilfelle det/dei erstattast med? Kan nye tiltak i planen starte? Utvalet har ei spennande og viktig oppgåve.

For at kyrkjelyden skal lukkast vidare i arbeidet blant born og unge, må mange få eit eigarforhold til planen – både sokneråd, utval, kyrkjelyd og tilsette.

### **Gudstenester**

	<u>2012</u>	<u>2013</u>	<u>2014</u>	<u>2015</u>
Gudstenester – totalt i Hyllestad sokn				
inkl. kvardagsgudst, barne og skulegudst.	64	60	53	50
Frammøte totalt	3799	3037	2915	3086

Avskilsgudsteneste med sokneprest Ole Agnar Helland, med påfølgjande kyrkjekaffi var søndag 14. juni i Hyllestad kyrkje.

Innsetjingsgudsteneste med kyrkjekaffi for den nye soknepresten, Audun Systad, var søndag 9. august.

Søndag 2. august var det, tradisjonen tru, olsokmesse i Skor.

I Øn kyrkje (inkl. Eiklund og Øn kapell) var det 11 gudstenester, av desse 3 på Eiklund og 1 i Øn kapell. 2 dåp, 2 vigslar og 7 gravferder (av desse, 5 i Øn kapell).

Gudstenestedeltakinga varierte mellom 15 stk. i januar, 212 stk. på konfirmasjonsgudstenesta 26. april og 97 stk. på julaftan.

I Bø kyrkje var det 6 gudstenester, ingen dåp, ingen vigsel og 4 gravferder.

Gudstenestedeltakinga varierte mellom 9 stk. i januar, 154 stk. på konfirmasjonsgudstenesta 3. mai og 125 stk. på julaftan.

Resten av gudstenestene var i Hyllestad kyrkje. Her var det 12 dåp, 1 vigsel og 5 gravferder.

Gudstenestedeltakinga varierte mellom 5 stk. ein søndag i mars i ein periode tett med gudstenester og 235 på konfirmasjonsgudstenesta 6. mai.

## **GUDSTENESTELIV – SAMARBEID SKULE-KYRKJE – EIKLUND HYLLESTAD OMSORGSSENTER**

### **Gudstenesteliv i Hyllestad**

Trass i at det har vore 3 færre gudstenester i 2015 enn i 2014, syner talet på frammøte ein auke på 171. I 2015 var det noko fleire døypte( fleire utanbygds), og særskilde gudstenester elles kan ha medverka. Gledeleg er det og at talet på nattverdsgjester syner ein auke. At ein er over 3000 frammøte på eit år skal ein få glede seg over, samstundes som altså tal på gudstenester har vorte redusert.

Som det er nemnt tidlegare i årsrapportane , er satsinga i høve til trusopplæring ei viktig årsak til gudstenesteframmøte i Hyllestad dei siste åra. Det er flott at desse tiltaka vert knytt til gudstenestefeiring. Ikkje sjeldan er det og bønemandring ved slike gudstenester, og det er med og aktivisere kyrkjelyden på ein fin måte. Foreldre er ofte flinke til å vere med borna på slike gudstenester. Skulle ein komme med ei utfordring; måtte det bli at det er viktig at kyrkjelyden elles sluttar opp om desse gudstenestene, slik at dei som er i dei aktuelle fasane kan møte ein levande og aktiv kyrkelyd, og at ein får lyst å vere ein del av den.

I den nye gudstenestereforma er «involvering» eit viktig stikkord. Det er fint når fleire enn dei fast tilsette tek del. I løpet av hausten 2015 har konfirmantar teke del som kyrkjevertar, noko det har komme gode tilbakemeldingar på. I løpet av 2015 har det og vore kvardagsgudstenester med ulik involvering, som til dømes gudsteneste i Øn kapell, med tema om «kystpilgrimsleia». Elles har det vore Thomasmesse med intervju av fjorårskonfirmantar, og fokus på nystarta ungdomsklubb, som er eit spennande tiltak.

Å vere med og gjere einskildmenneske, både born, unge og vaksne, meir medvitne på eigne nådegåver og naturgåver, er ei viktig oppgåve framover for kyrkjelyden.

Samstundes som ein har gjort endringar med eit meir sentralisert gudstenestetilbod i Hyllestad, i samband med fornyinga av kyrkja, ser ein at for ein del er bandet til kyrkja der ein bur framleis svært viktig. Framover må det truleg arbeidast målmedvite med ei fornying av gudstenestelivet, samstundes som ein tek vare på lokal tilknytning og historie. Korleis kan ein få dette til? Ja, sjå det er ei viktig utfordring i tida som kjem! Hyllestad har mange ressursar på ulike felt. Oftast er det ein trufast flokk som møter fram. Det er viktig at ein kan få kjenne tilknytning til kyrkjelyden som heilskap. I ei tid med mykje skiftande og nytt som bankar på døra, er det viktig å peike på den «gode skatten» me har i vår eiga tru og bakgrunn!

### **Samarbeid kyrkje - skule barnehage**

Hyllestad kyrkje har ei sær god plassering mellom skulen og barnehagen på Hyllestad. Å komme utanfrå og sjå verdien og føremonen av dette, er ei god oppleving.

Før jul i 2015 vart det gjennomført ei gudsteneste for barnehagen og ei gudsteneste for skulen med god deltaking både av born og tilsette. På skulegudstenesta var det og fine innslag med musikk og lesingar (5-6.klasse) og song ved konfirmantane. At skulen også leigde kyrkjerommet til si avslutning før jul, seier og noko om god plassering og eit kyrkjerom som vert etterspurd.

I november var det eit møte på lærarrommet ved Hyllestad skule der sokneprest fekk ha ei innleiing til samtale om samarbeid mellom kyrkje og skule. Ein har kjensle av at dette vart positivt motteke av begge partar, og har no ført til meir konkret samarbeid med både besøk i kyrkja av skuleklassar, og besøk i skuleklassar ved prest. Det var og møte med barnehageleinga hausten 2015.

### **Eiklund – Hyllestad omsorgssenter**

I løpet av 2015 har ein heilt gått over til at det er torsdagar det er andakter på Eiklund ved prest og organist. Det er kl.11.30. Ein har ikkje kaffi ved desse samlingane. Frammøte har vore ganske godt, ikkje minst av di mange av dei som no er på omsorgsbustadane deltek. Dei kjem seg lett fram. Organist Erling Akse kjenner mange frå før, og i etterkant av andaktene vert det ofte ei ekstra songstund med forslag av dei eldre sjølve.

På institusjonen som heilskap, er det mange som ikkje er i stand til å komme på andakten. Då er det viktig at dei som ønskjer det kan få besøk av prest i etterkant. Personalet er flinke til å formidle det, og det har vore ganske mange slike besøk, og fleire som ønskjer å samtale med prest. Det kan bli aktuelt med eigne besøksdagar, som av og til kan komme i staden for andaktene, slik ein somme stader har god erfaring med.

Kjekt er det òg at kvart konfirmantkull pleier å ha eit besøk på Eiklund for året, der dei syng, samtaler og har ei sosial stund med dei eldre.

Fleire eldre frå Eiklund møter trufast opp til gudsteneste i Øn kyrkje.

## **Diakoni**

Etter at prostidiakonen slutta i februar har diakonale tiltak avgrensa seg til konfirmantane sin fasteaksjon, konfirmantane sitt besøk på Eiklund, samt dei faste andaktane på Eiklund omsorgssenter ved prest og organist.

Men diakoni er meir:

*"Diakoni er kirkens omsorgstjeneste. Den er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærighet, inkluderende fellesskap, vern om skaperverket og kampen for rettferdighet."*

Diakoni er omsorg for heile mennesket, frå vogge til grav, både førebyggjande og helande.

Diakoni er ikkje berre tiltak og aktivitetar, men òg ein dimensjon som kjem til uttrykk gjennom gudstenestefeiringa, forkyninga, trusopplæringa og barne- og ungdomsarbeidet.

Såleis er alle våre tilsette diakoniarbeidarar: Tilsette gjennom arbeidet i gudstenester og gravferd, kontorpersonale når menneske kontaktar kyrkja, trusopplærar i møte med barna og deira foreldre i trusopplæringstiltaka, kyrkjetenarane møter folk ved alle arrangement som er i kyrkja og kapellet. Vi er alle Jesus ambassadørar, og det er difor svært viktig korleis vi framstår.

Frå sentralt kyrkjeleg hald har det i 2015 komme oppmoding om at kyrkjelydane engasjerer seg enno meir i møte med våre nye landsmenn. Hausten 2015 var det i prostiet ein konferanse om «Inkludering», der soknepresten deltok. Det var ein omvising i kyrkja for ein del av dei som får språkundervisning på kommunehuset. Av og til kjem det einskildpersonar til gudtenester og andre samankomstar i kyrkjelyden. Det er viktig at me her er medvitne på vår oppgåve i tida som kjem.

## **Misjon**

Hyllestad sokn har misjonprosjekt i Mali knytt til Det Norske Misjonsselskap. Ei trusopplæringsgudsteneste kvart år er også ei misjonsgudsteneste. Hyllestad sokn har i kyrkjene teke opp kr 20 950 i offer som er sendt til prosjektet.

## **Kyrkjeblad – Heimeside – Facebook**

Kyrkjebladet kjem til vanleg ut med 4 nr/år. Grunna valet dette året, vart det i 2015 berre 3 nummer.

Hyllestad sokn kommuniserer med innbyggjarane i Hyllestad gjennom kyrkjebladet, heimeside ([www.hyllestad.kyrkja.no](http://www.hyllestad.kyrkja.no)) og Facebook. (søke på *Kyrkja i Hyllestad*)

## **Kyrkjer**

Med unnatak av arbeid inne i Hyllestad kyrkje finansiert av investeringsmidlar frå kommunen, er det heller ikkje dette året utført vedlikehald på kyrkjene og kapellet.

Det var tinga vøling av vindauget framme i koret i Øn kyrkje, samt vøling av eitt vindauge i våpenhuset i Bø kyrkje, men begge prosjekta måtte utsetjast dels på grunn av dårleg ver.

Prosjektet med fornying av Hyllestad kyrkje er avslutta på grunn av at investeringsmidlane er slutt. Det står likevel att ein del arbeid, mellom anna i rommet bak orgelet.

Vi takkar Hyllestad kommune fordi dei vaska veggene på oppsida av Hyllestad kyrkje som var særskilt skiten.

Bø kyrkje er leig ut til St. Paul katolske kyrkje i Bergen som har gudstenester i kyrkja.

Etter at dei i 2014 hadde 17 gudstenester i kyrkja var det berre 7 dette året.



Av inventar i kyrkjene er det kjøpt inn 100 stk. salmebøker som vart fordelt rundt i kyrkjene. Dei er finansiert av gamle kyrkjefond samt gåve. Det var problem med skurring i lydanlegg i Bø- og Øn kyrkje, så der måtte vi byte ut mikrofonane med sendar.

### Kyrkjegardar

Soknet leigde teneste til kyrkjegardsslått og vedlikehald av Åm Sognnes bygdeservise, og hos Hyllestad Bygg for opning og lukking av grav i samband med gravferder. Soknerådet er godt nøgd med utføringa av desse tenestene.

På grunn av svært stram økonomi har vi dei to siste åra hatt litt lenger intervall mellom kyrkjegardsslåtten.

Ved Hyllestad kyrkje fekk vi gjort ei mangeårig forsømt grusing.

På den gamle delen av Bø kyrkjegard har ny drenering vore diskutert då der, på grunn av høg vasstand, er stengt for graving. Då vi har god kapasitet vedkomande graver på den nye delen av kyrkjegarden vil ikkje dette bli gjort noko med.

## **Hyllestad sokn    Rekneskap 2015**

Rekneskapen til Hyllestad sokn vert ført av Hyllestad kommune, og revidert av kommune-revisoren. Dette som ein del av tenesteytingsavtalen med kommunen, og det fungerer godt..

Rekneskapen er ferdig ført, men enno ikkje avslutta. Ved avslutning vil det ikkje verte endring av driftsresultatet.

Kyrkjeverje kommenterer her rekneskapen mot budsjettet for 2015.

Kommentarande er ikkje uttømande - vil svare på spørsmål ved handsaming i rådet.

Hyllestad sokneråd sin rekneskap har fire funksjonar/tenester:

Kyrkjeleg administrasjon, Kyrkjer, Kyrkjegardar og Andre kyrkjelege føremål. Kommunen har finansieringsansvaret for all aktivitet under dei tre første funksjonane. Kommunen sitt økonomiske ansvar overfor den lokale kyrkja finn ein i kyrkjelova (KL) § 15, og gravferdslova § 3 «Kirkelig fellestråd og kommunens ansvar.»

Aktiviteten under funksjonen/tenesta «Andre kyrkjelege føremål» er soknerådet sine oppgåver etter § 9 i kyrkjelova (KL). Her er det berre ved *Konfirmantarbeid* at det er lovpålagt kommunal delfinansiering. Kommunen har etter kyrkjelova § 15: ansvar for utgifter til *lokaler, utstyr og materiell til konfirmasjonsopplæring*”.

Inntektene er elles offer, gåver, tilskot, basar- og billettinntekter m.m. Offer og gåver finansierer utdelingsmateriell som til dømes dåpslys, fadderhelsingar og bøker som vert delte ut, som 4-årsbok, 6-årsbok og bibel.

I tillegg mottek soknerådet statstilskot til trusopplæring, der ein har rapporteringsplikt til kyrkjerådet via bispedømmerådet..

### Resultat – Inntekt - Utgift

Rekneskapen er, under dei tre funksjonane der kommunen har finansieringsansvar + utgifter til konfirmasjonsundervisning, avslutta med eit mindreforbruk på kr. 155 993.

Kyrkjeverje meiner at budsjettet for 2015 var sett opp svært nøkternt og realistisk ut frå rekneskapen året før. Ein del utgifter har vi ikkje kontroll over, som graving av grav og ver, og det skal vi vere glade for.

Det er på tre hovudområde det er størst mindreforbruk. Etter at vi i 2014 fekk pensjonssjokk – er pensjonsutgiftene dette året noko lægre. Straumutgiftene er redusert med 25 % – det har vore eit mildt år. Gravingsutgiftene er halvert i høve året før – det var nesten ikkje gravferder første halvår.

Soknerådet har elles drive ekstremt stramt, og ein del kostnadar som burde vore teke i 2015, er utsette til 2016. Har i tillegg hatt uføresette inntekter frå utanbygds gravferder.

I tillegg til at soknerådet **må ha ein buffert** på driftsfond som pr. i dag står i null, må mindreforbruket vere med å finansiere

- Vøling av eit vindauge i våpenhuset i Bø som er bestilt og skulle vore gjort hausten 2015, men som måtte utsetjast på grunn av samanhengande regnbygge frå september.
- Reparasjon av taket på Bø kyrkje etter «orkanen Tor» der heller er dotte ned og andre ligg i «hytt og ver» – må opp med stillas.
- Reparasjon av tårnet på Hyllestad kyrkje der heller har dotte ned – med lift ifrå Førde.
- Fjerning av ein god del gravminne frå graver som er sletta på dei ulike kyrkjegardane.
- Arkivering, utskriving og innbinding av møtebøker (stort etterslep), og opprydding av eit stort tal permar på kontoret - ekstrainnsats.

Hyllestad sokneråd har ikkje midlar på driftsfond til å møte uføresette utgifter. Drifta har i alle år balansert så vidt i balanse. Likviditeten har vore så dårleg at rådet dei siste åra har måtte bede kommunen om forskot på driftstilskotet..

#### Driftstilskot frå Hyllestad kommune:

Driftstilskotet frå kommunen, som dei føregåande åra har hatt ei sterk negativ utvikling, vart oppjustert for 2015 til kr 1 516 000 som er det som soknerådet søkte om. Dette skjedde etter ei tilleggsøyving for 2. halvår 2015. Hyllestad sokn er svært takksam for auken i tilskotet.

Soknerådet har avgrensa inntekstpotensial då ein ikkje har høve til å ta betaling for kyrkjelege tenester for medlemmer som er busette i soknet. Driftstilskotet frå kommunen vil difor framleis vere det som i hovudsak skal finansiere den lokale kyrkja i Hyllestad. Tilskotet har no eit nivå som gjer soknerådet i stand til å ha ei minimum forsvarleg drift. Dette med atterhald i at det ikkje dukkar opp store utgifter på kyrkjebygga.

#### KLP

Pensjonsutgifter er ein stor kostnad også for soknerådet. Kostnaden er vanskeleg å budsjettere då det er ein reguleringspremie som kan variere mykje frå eitt år til det neste. Etter at ein i 2014, som tidlegare nemnt, fekk pensjons-sjokk, er kostnaden dette året noko lægre. Med bakgrunn i dei høge pensjonskostnadane i 2014, og at no alle er innmeldt i pensjonsordninga uavhengig av stillingstorleik, vart nok pensjonsutgiftene for 2015 budsjettert for høgt.

#### Tenester–funksjoner

##### 04100 Kyrkjeleg administrasjon.

Hyllestad sokn er eitt lovbestemt kyrkjeleg organ der forvaltingslova og offentlegheitslova gjeld. Kommunen har økonomisk ansvar for: KL §15 d) *driftsutgifter for fellesråd og menighetsråd, berunder utgifter til administrasjon og kontorhold.* KL § 37 *Kirkebokføring.*

Soknerådet sine lovpålagte oppgåver kan ikkje gjennomførast utan ein administrasjon av ein viss - storleik samt utstyr og programvare. Som kommunen er medlem av KS, er soknet medlem av KA (Kirkens interesse og arbeidsgiverorganisasjon). Kyrkjebokføring og føring av gravregister treng spesialutvikla program der ein som til KA også betaler årlege avgifter.

Soknet fekk tilskot til å avvikle kyrkjevalet som var i september. På grunn av rapportering er det delvis ført som prosjekt 8080 i rekneskapen. Det burde vore gjort noko meir arbeid på kontoret for å kome ajour, men det vart utsett for å sjå korleis vi kom ut med rekneskapen i 2015.

##### 04200 Kyrkjer

Hyllestad kyrkje, Bø kyrkje, Øn kyrkje og Øn gravkapell.

Kommunen har økonomisk ansvar for: KL §15

*a) utgifter til bygging, drift og vedlikehold av kirker.*

Det er krevjande både for ein liten kommune og soknerådet å ha ansvar for ein stor bygningsmasse. Like fullt står bygningane der og kommunen har økonomisk ansvar og soknerådet praktisk ansvar.

I tillegg til lægre pensjonskostnadar enn budsjettert, vart straumkostnadane kr 20 000 lægre enn året før, og som budsjettert. Det vart kjøpt inn salmebøker til dei ulike kyrkjene, som etter løyve frå

bispedømerådet er finansiert av svært gamle kyrkjefond knytt til alle tre kyrkjene. Fond som no er avslutta.

Ein har noko inntekt frå utleige av Bø kyrkje til St.Pauls Menighet. I tillegg hadde vi utanbygds gravferder som gav inntekt frå utleige av kyrkje og utleige av organist etter satsar vedteke av soknerådet.

#### 04300 Kyrkjegardar

Hyllestad kyrkjegard, Bø kyrkjegard og Øn gravplass.

*b) utgifter til anlegg og drift av gravplasser.*

I tillegg til kyrkjegardsslått har vi på Hyllestad kyrkjegard fått grusa ved Hyllestad kyrkje, og delvis fått på plass rullestolrampen ved sideinngangen.

Kostnadane med gravning er halvert i høve året før, men det kan ein ikkje budsjettere med at dei skal bli.

#### 04310 Gravstell

Her blir inntektene frå gravstell førte. Utgiftene til jord, blomar og kransar vert ført under «Anna forbruksvare» under teneste 04300 Gravplassar. Gravstellet vart utført av kyrkjetenar Gunvor.

Kyrkjeverje har fått gjennomført opprydding i gamle grav-«fond» som har vore ført i ein eigen rekneskap. No blir gravstell ført i soknerådet sin rekneskap slik det er krav om. Gravstellavtalane blir administrert i gravprogrammet Gravlund, der vi skriv ut trekklistar til banken og ein revisjonsrapport som vedlegg til, og grunnlag for føring i soknerådet sin driftsrekneskap.

#### 044 Anna kyrkjeleg verksemd (tidlegare soknerådsaktivitet)

Her har vi funksjoner / tenester som, med unnatak av utgifter til konfirmantarbeid, vert «nulla ut» mot bundne driftsfond før rekneskapsavslutning. Dette fordi desse vert halde utanfor dei andre funksjonane der kommunen har finansieringsansvar.

#### 04400 Kyrkjelydsarbeid

Her blir offer til andre ført som misjonsprosjekt, Kirkens Naudhjelp og andre organisasjonar.

Kr 11 693 er sett av til bunde fond – offerinntekter til eige arbeid.

#### 04430 Konfirmantarbeid – ny funksjon i 2015

Som tidlegare nemnt har kommunen etter kyrkjelova § 15: ansvar for utgifter til *”lokaler, utstyr og materiell til konfirmasjons-opplæring”*. Det er nyttig å ha konfirmantarbeid på ein eigen funksjon.

Konfirmantane betalar eigendel til å dekkje aktivitet gjennom året som Nattcup og konfirmantweekend. Konfirmantåret går over to rekneskapsår, og det er difor naudsynt med fondsavsetjing ved rekneskapsslutt.

«Betaling frå deltakarar» i rekneskapen er eigenbetaling for både førre og dette konfirmantkullet. Dette er grunnen til at fondsavsetjinga dette første året er så pass stor. (Soknerådet har tidlegare forskottert utgifter).

#### 04432 Trusopplæring (0-18 år)

Her fører ein kostnaden med alt trusopplæringsmateriellet som vert delt ut gjennom året og aktiviteten til minikonfirmantane . Inntektene er offer, basarinntekter og gåveinntekter. Som rekneskapen syner var det gode inntekter der basaren gav brutto kr 48 000. Heile kr 60 518 er sett av på bunde fond; kr 45 000 på Trusopplæring og kr 15 518 på eit nyoppretta bunde driftsfond «Barne og ungdomsarbeid».

#### 04436 Trusopplæring – interkommunalt samarbeid

100% stilling der Hyllestad sokn har arbeidsgjevaransvar, og med 25% arbeidsplikt i Hyllestad og 50% i Høyanger.

Dei siste 25% arbeider Toril Lange for Det norske misjonsselskap som dekkjer 25% av lønskostnadane, i 2015 kr 164 733

Hyllestad og Høyanger får statstilskot til trusopplæring som dette året var kr 417 666 + kr 10 000 som er øyremerkte opplæring: *“Alle einingar får kr 10.000 øyremerkte til stimulering av frivillig innsats i trusopplæringa med særleg fokus på aldersgruppa 15-18 år.”* Det øyremerkta tilskotet er ikkje brukt.

Høyanger kyrkjelege fellesråd dekkjer 2/3 av meirkostnadane utifrå at 50% av stillinga høyrer til Høyanger. Høyanger ønskte betale inn ein sum i desember 2015 før rekneskapen var ferdig ført, og har betalt inn kr 56 495. Eventuell justering vert føreteke i 2016.

#### 04440 Diakoni

Prostiprojekt diakonen, som Hyllestad sokn samarbeidde med sokna i Høyanger og Solund om, slutta i februar i år. Høyanger hadde arbeidsgjevaransvaret. Hyllestad sin del av utgiftene i år, kr 10 009 vart dekt inn av fast gjevarteneste og gåve.

Funksjonen er balansert i null ved at kr 5 276 er avsett til bunde driftsfond –diakoni.

#### 04479 Kyrkjelydsblad

På grunn av kyrkjevalet kom kyrkjebladet ut med berre tre nummer, mot normalt fire. Innbyggjarane i Hyllestad er glade for kyrkjebladet og flinke til å betale inn bladpengar. Bladpengane auka med ca. kr 5 000 i høve året før. Annonseinntektene er stabile og naudsynte inntekter. Dette året fekk vi eit tilskot frå Bispedømet (staten) for å trykkje informasjon om bispedømerådsvalet.

Funksjonen er balansert i null ved at kr 14 362 er avsett til bunde driftsfond, kyrkjeblad, til å dekke inn eventuelt framtidig underskot, og elles utgifter med å gi ut kyrkjebladet.

#### FOND

Som tidlegare nemnd har ikkje soknerådet pr. 2015 ubundne driftsfond til uføresette kostnader.

Fondsoversikta blir lagt fram for soknerådet når rådet skal godkjenne rekneskapen etter at vi har fått revisjonsmeldinga.

#### Investeringsrekneskapen

Investeringsrekneskapen går som den skal i null.

Hyllestad kyrkje – fornying: kr 164 173. Tilskot frå kommunen kr 163 951 var resten av løyvinga til dette prosjektet frå kommunen. Det står enno att ein del arbeid – men midlane er brukt opp og såleis er prosjektet avslutta.

Bø gravplass, kr 2 000, gjeld spyling av drenerøyr utført av kommunen.

Vi er takksame for investeringstilskotet frå kommunen.